



## Protokoll frå årsmøtet i IL Viljar 2. juni 2020

Til stades: Olav Klette, Elisabeth Thaulé Hjørnevik, Harald Østervold, Håkon Bø, Martin Hindenes, Knut Olav Nestås.

### 1. Val av møteleiar

Harald Østervold vart vald som møteleiar.

### 2. Val av møterefereent

Knut Olav Nestås vart vald som møterefereent.

### 3. Val av to til å skriva under protokoll

Elisabeth Thaulé Hjørnevik og Håkon Bø vart vald til å signera protokollen.

### 4. Godkjenning av innkalling

Innkalling vart opphavleg utlyst i avisa Hordaland, men årsmøtet vart utsett grunna smitteverndugnaden. Utsett årsmøte vart utlyst på ny på IL Viljar si Facebook-side.

### 5. Godkjenning av saksliste

Sakslista vart godkjent.

### 6. Gjennomgang og godkjenning av årsmelding og rekneskap

Årsmeldinga mangla noko på omtale av aktivitet og nokre omtalar frå dei ulike gruppene. Vert justert og sendt ut på ny. Den totale økonomiske stoda i laget er bra. Resultatet for IL Viljar i 2019 syner eit overskot på 248 975,- jfr. rekneskap per 31.12.2019.

### 7. Val

Årsmøtet gjennomgjekk valnemnda si innstilling. Denne mangla fleire opplysningar og er i utakt med kontinuitetsprinsippet, både over kven som er leiar for dei ulike gruppene og kor mange som evt. manglar i dei ulike gruppene og i andre funksjonar som valnemnd m.v. Årsmøtet treng fleire opplysningar frå valnemnda og lista lyt supplerast vidare. Styret vert gjeven fullmakt til å følgja opp dette vidare. Valnemnda lyt òg i 2021 gjennomgå nøyre korleis valperiodane er fordelte for dei ulike styra og gruppene slik at ikkje alle i eit styre eller ei gruppe står på val samstundes. Styrerepresentant og vararepresentant til Voss ski- og tursenter mangla omtale. Årsmøtet vedtok òg å flytta Martin Hindenes, etter framlegg frå Martin sjølv, frå randoneegruppa til skigruppa, som mangla folk.

Førebels valliste vert dermed slik:

#### Hovudstyret

Harald Østervold 2021

Martin Hindenes 2021



Turid Midttun Djønne 2021

Håkon Bø 2021

Elisabeth Thaule Hjørnevik 2021

Vara

Frode Hefte 2022

Stig Rune Aarhus 2022

### **Skigruppa**

Olav Klette 2021

Stine Hernes Nestås 2021

Martin Hindenes 2022

Sigrid Norheim 2022

### **Randonéegruppa**

Hans Inge Klette 2022

Bjarne Klette 2022

Guttorm Frønsdal 2022

Øyvind Birkeland 2022

### **Fotballgruppa**

Knut Erik Sivertsen 2022

Stig Arne Brunborg 2022

Anne Marit Vinje 2021

Oddvar Kvalnes 2021

### **Ljosløypa på Kyte**

Eirik Jordalen 2021

Bjarne Klette 2021

Jostein Nordheim 2022



### **Idrettsplassen**

Frode Klette 2021

Ein frå fotballgruppa

Ein frå hovudstyret

### **Klubbhusstyret**

Frode Hefte 2022

Guttorm Frønsdal 2022

Bjarte Djønne 2022

### **Voss ski- og tursenter**

Styremedlem Knut Olav Nestås 2021

Varamedlem Bjarte Klette 2021

### **Revisorar**

Katharina Månum 2021

### **Valnemd**

Stian Kvammen Møn 2021

Anne Mette Aarhus 2021

## **8. Ymse**

Det vart drøfta innkjøp av noko utstyr, m. a. til skileik og bygging av ei bu på fotballbana, samt noko vedlikehaldstrong på leikeapparata ved sida av fotballbana. Det er rom for innkjøp, men dette vert teken vidare i dei ulike gruppene. Det vart i tillegg orientert om stoda i Voss ski- og tursenter før det komande årsmøtet torsdag 4. juni. Det er planlagt vedlikehald av leikeplass, med utstyr som blei bestilt og levert i slutten av mai. Til helga skal øydelagde deler bytast ut.